FREDAG 14.10.

Basar i Broderheimen bedehus

Åresal og gevinstar på bok.
Gratis mat og drikke.

Når: Fredag 14.10. kl. 17.00
Kvar: Broderheimen bedehus, Flateland
Arr.: Ingunn Røysland
Pris: Gratis

FREDAG 14.10.

Klassisk fransk mat- og vinkveld Musikk ved Knut Jore

Servering av 4 rettar med tilhøyrande vinar. Vinkurs med matoppskrifter. Kom åleine, med partneren din eller bestevenen. Det blir ein kveld med god mat, drikke og topp stemning!

Påmelding til 95144578 innan 9. oktober.

Når: Fredag 14.10. kl. 19.00
Kvar: Brattløa i Valle sentrum
Arr.: Kristine Bjørgum og Andreas Forde
Pris: 1150,- pr. pers.

LAURDAG 15.10.

Klatrekurs i Brattløa

Det blir klatrekurs for barn og ungdom i Brattløa i Valle sentrum.

Når: Laurdag 15.10. kl. 12.00
Kvar: Brattløa i Valle sentrum
Arr.: Kuturveka og Bratt friluftsliv

LAURDAG/SUNDAG 15./16.10.

Ope atelier hos Kristin Brokke

Kunstnar Kristin Brokke ynskjer velkomen til sitt atelier i Brokke.

Når: Laurdag 15.10. og sundag 16.10. kl.12.00 - 17.00
Kvar: Brokkevegen 130
Arr.: Kristin Brokke
Pris: Gratis



LAURDAG 15.10.

Gunnar Stubseid m/musikarar spelar Hank Williams

Med: Gunnar Stubseid, song og gitar
Stina Brandin, fele
Vidar Frøysnes, lapsteel
Knut Djupedal, kontrabass

Når: Laurdag 15.10. kl. 21.00
Kvar: Sølvgarden hotell
Arr.: Sølvgarden hotell og Kulturveka
Pris: 200,- medlem: 150,-



SUNDAG 16.10.

Opning av fotoutstilling ved Monica Thereze Rygnestad og måleriutstilling ved Tutta Berg

Salsutstilling

Når: Sundag 16.10. kl. 16.00
Utstillinga er open kvar dag heile veka i biblioteket sine opningstider, og laur. 22.10./sun. 23.10. kl. 11.00 -16.00.
Kvar: Sæbyggjen
Arr.: Kulturveka
Pris: Gratis
Enkel servering på opningsdagen.

SUNDAG 16.10.

Pianokonsert med Øystein Kikut LENGSEL OG UNDRING

Gled deg til eit nært møte med Johannes Brahms formidla i ord og tonar av vår eigen kjende pianist i Valle, Øystein Kikut.

Når: Sundag 16.10. kl 18.00
Kvar: Sæbyggjen
Arr.: Kulturveka
Pris: 200,- medlem: 150,-
Skuleelevar gratis
Enkel servering.

MÅNDAG 17.10.

Smikurs ved Setesdal vgs

Terje Granås kjem til Valle for å vidareformidle tradisjonen og teknikkane frå de gamle bygdesmedane. Han er profesjonell smed med over 20 års erfaring i faget.
Vi ynskjer publikum velkomne til å sjå på dette dramatiske og flotte arbeidet.

Når: Måndag 17.10.
Gruppe 1: 10.00-12.00
Gruppe 2: 13.00-15.00
Kvar: Parkeringsplassen ved Valle skule
Arr.: Setesdal vgs
Pris: Gratis.

MÅNDAG 17.10.

Konsert med Pål Djuve

Pål Djuve spelar og syng folkelege songar.

Når: Måndag 17.10. kl 12.00
Kvar: Valle bygdeheim, dagsenteret
Arr.: Kulturveka
Pris: Gratis

MÅNDAG 17.10.

READ

READ er eit leseprosjekt for barnehagane, skulen og folkebiblioteket. Denne dagen er alle barn i Valle frå 4 år til og med andre klasse inviterte til Sæbyggjen. Dei får utdelt ein lesebag med bøker til READ Agder. Forfattarane av boka «Ulf er uvel», Rebecca Wexelsen og cellisten Maria Alejandra Conte, vil lage ei framsyning om boka.

Når: Måndag 17.10. kl 17.00
Kvar: Sæbyggjen
Arr.: READ Agder og Valle bibliotek
Pris: Gratis

MÅNDAG 17.10.

Konsert med Pål Djuve

Ein haustkveld med viser, rock, balladar og stev. Programmet inneheld eigne tekstar og melodiar samt tekstar av forfattaren Per Jan Ingebrigtsen. Djuve vil i tillegg fortelje litt om historia til Folkeakademiet. Pål Djuve er tidlegare generalsekretær i Folkeakademienes Landsforbund.

Når: 17.10. kl. 19.00
Kvar: Sæbyggjen
Arr.: Kulturveka
Pris: 200,- medlem: 150,-
Skuleelevar gratis
Enkel servering.

TYSDAG 18.10.

Cirkus Sibylla

Ei energisk framsyning der Carlos lagar eit interaktivt show med barna. Etterpå får alle lov til å prøve sirkusutstyret. Passar for barn frå 3 til 10 år.

Når: 18.10. kl. 17.00
Kvar: Sæbyggjen
Arr.: Kulturveka
Pris: Gratis

TYSDAG 18.10.

Diakoniutvalet ved Per Emmanuelsen

Møte med menneske i krise

Minikonsert ved Anna Slaby Driel og Ryszard Gosciniak

Korleis kome vidare når livet buttar imot, og kva det er som hjelper menneske i krise? Det å finna vegen vidare handlar alltid om å gjere gode val.

Når: Tysdag 18.10. kl. 18.00
Kvar: Hylestad soknehus
Arr.: Diakoniutvalet i Valle og Hylestad
Pris: 100,- inkludert kveldsmat.
Skuleelevar gratis

ONSDAG 19.10.

Grautfestival

Noreg var i riktig gamle dagar eit grautland. For å vise at graut er viktig i kvardagskosten også i dag, inviterer Valle bygdekvinnelag til grautfestival, i år som i fjor!

Når: Onsdag 19.10. frå kl. 15.00
Kvar: Sæbyggjen
Arr.: Valle bygdekvinnelag
Pris: 50,- pr. porsjon. 150,- for familiar.

ONSDAG 19.10.

Spa- og velværekveld

Velkomen til ein kveld med hudpleie og velvære! Test av kvalitetsprodukt, heilt gratis og uforpliktande!
Påmelding til Anne Løyland, 91565673.

Når: Onsdag 19.10. kl. 18.00
Kvar: Hylestad soknehus, sminkeromet
Arr.: Kulturveka
Pris: Gratis

ONSDAG 19.10.

Jakt og fiske med Jørund Lien

Jakt i Noreg og i utlandet. Jørund Lien er fødd og oppvaksen i Valle med jakt som hobby. Han har vore våpenskribent sidan 1988.

Når: 19.10. kl. 19.00
Kvar: Hylestad soknehus, matsalen
Arr.: Kulturveka
Pris: 200,- medlem: 150,-
Skuleelevar gratis
Enkel servering.

TORSDAG 20.10.

Bygdekino

Kl. 1700: «Helt super»
Kl. 1900: «Thor: Love and Thunder»

Kvar: Valle kultursenter, Storstoga
Pris: 110,-/130,-

FREDAG 21.10.

Filosofikafé med Gro Anita Homme og Karin Haugen

Gro Anita Homme tek føre seg det biologiske opphavet til skam, rolla skam har i samfunnet vårt og den endelause kampen som går føre seg inni oss. Verdens verste følelse? Mange meiner at skam er ei viktig kjensle, at vi treng skam for å klare å halde oss innaføre dei sosialt aksepterte normene. Men er det verkeleg slik at vi treng denne type pine for å finne balanse og vere gode menneske?

Karin Haugen er redaktør for Bokmagasinet i Klassekampen. Ho vil snakke om kva ufrivillig barnløyse rører ved. Gjennom heile historia til mennesket har det å få barn vore den mest sentrale livshendinga. Korfor blir då ufrivillig barnlause framstilte som egoistiske og desperate?

Når: 21.10. kl. 19.00
Kvar: Bergtun hotell
Arr.: Kulturveka
Pris: 200,- medlem: 150,-
Skuleelevar gratis

LAURDAG 22.10.

Kyrkjerottene - Dokketeater

Lea mus er ei aktiv og nysgjerrig lita mus, men og litt vimsete. Ein dag rotar ho seg vekk frå familien sin. Kan Kari prest og kyrkjerottene hjelpe Lea mus å finne familien sin?
Dei som er 4 år og 6 år får Kyrkjeboka.
Det blir ei overrasking til dei andre barna.

Når: Laurdag 22.10. kl. 16.30
Kvar: Valle kyrkje
Arr.: Valle og Hylestad sokn
Pris: Gratis

HER BETALER DU MED VIPPS ELLER KONTANT

Les fyldig omtale av alle arrangement i Setesdølen og på facebooksida til Folkeakademiet Valle/Kulturveka i Valle

LAURDAG 22.10.

Konsert med TØNES og FLOKKDYR

Tønes er ein av landets beste låtskrivarar og tekstforfattar. Tekstane er underfundige og humoristiske historier om små og store ting. Tønes har vunne Prøysenprisen, Dialektprisen og 4 Spellemannprisar.

Flokkdyr leverer ei blanding av visesong og prog-rock.
Med Kjetil Alver Lund, Live Andrea Gjessen Rasch, Richard Andreas Salvesen og Vegard Kummen.

Bergtun hotell står for god mat og drikke.

Når: Laurdag 22. 10. Dørene opnar 20.00, konsertstart 21.00. Ope til midnatt.
Kvar: Valle kultursenter, Vallehalli
Arr.: Kulturveka
Pris: 350,-

Kjøp billettar her:
vallefolkeakademi.hoopla.no/sales

SUNDAG 23.10.

Familiedag på museet

Setesdalsmuseet inviterer til aktivitetar for heile familien.

- Tema Skjoldmøyer
- Skjoldmøyjakt og quiz i utstillingane
- Eventyrfortelling og musikkstund
- Lag ein skjoldmøypose til dine skattar
- Vaflar, saft og kaffi
- Gratis inngang til utstillingane

Når: Sundag 23.10. kl. 12.00-15.00
Kvar: Setesdalsmuseet
Arr.: Setesdalsmuseet
Pris: Gratis

SUNDAG 23.10.

Gudsteneste i Hylestad kyrkje Kl. 16.00

SUNDAG 23.10.

Biletforedrag v/Richard Bærug

Den russisk-ortodokse kyrkja, der prestane i sovjettida nesten blei utrydda og leiarane stadig meir kontrollerte av KGB, braut i 2018 med moderkyrkja i Konstantinopel. Både patriark Kirill og president Putin blei rasande då ei ny ortodoks kyrkje i 2018 blei stifta i Ukraina. Ho kunne bety spikeren i kista for Putin sine planar om å gjenopprette Det russiske imperiet og Kirills ambisjonar om å få den leiande rolla innanfor den ortodokse kyrkja.

Når: Sundag 23.10. kl. 19.00
Kvar: Setesdalsmuseet
Arr.: Kulturveka
Pris: 200,- medlem: 150,-
Skuleelevar gratis
Enkel servering.